



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato:

30.01.2019

Vår ref:

2018/4050

Dykkar dato:

11.01.2019

Dykkar ref:

VESTNES KOMMUNE
Rådhuset
6390 VESTNES
Att. Jacobsen, Jan Rune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune Reguleringsendring Slutåshaugen - Trekking av motsegn

Fylkesmannen viser til brev av 11.01.2019 og e-post av 30.01.2019.

For F1-tiltak (naust) meiner vi kommunen med føreslått endring av føresegnene tilfredsstillar tryggleikskrava i TEK17 § 7-2, og vi kan med ei slik endring **trekke** motsegna. Vi vil likevel rå kommunen til å tydeleggjere føresegna noko. Kravet til konstruksjon og dimensjonering av naust til å tole overfløyning og bølgepåslag er berre naudsynt for dei nausta som ligg lågare enn trygg kote for F1-tiltak. Naust som ligg høgare enn dette treng ikkje å dimensjonere/konstruere nausta for å tilfredsstille tryggleikskrava i TEK17. T.d. kan det spesifiserast slik; [...] naust plasserast min. på kote 2. Naust som ligg lågare enn kote (*kommunen sin vurdering av trygg kote*), må konstruerast og dimensjonerast slik at dei toler overfløyning og bølgepåslag.

Situasjonen i planområdet er skildra meir omfattande med tanke på stormflodfare og havnivåstiging mot BFK1. Mest relevant er kommunen sin vurdering rundt faren for bølger mot planområdet, at golvet til eksisterande fritidsbustadar ligg på kote 2,77, og kva som er vurdert som trygg kote for F2-tiltak i ei liknande plansak.

Lokaliseringa av fritidsbustadane, saman med moloen, gjer at kommunen vurderer at eksisterande fritidsbustadar unngår dei største bølgene og at moloen vil redusere bølgekrafta som eventuelt treff desse. Det er føreslege å krevje at soverom skal plasserast i 2. etasje, noko som òg er der soveromma er i dag. Vi er nøgd med at planføresegnene er endra til å inkludere dette som eit krav for dei eksisterande fritidsbustadane.

På bakgrunn av dei nye opplysingane til kommunen ser vi at det er mogleg å realisere arealføremålet i BFK1 i tråd med tryggleikskrava i TEK17. Eventuelle framtidige fritidsbustadar må likevel plasserast på ei høgare kote, eventuelt sikrast til å tole bølgepåkjenning om dei ligg under trygg kote.

E-postadresse:
fmnrpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Postboks 2520
6404 Molde

Besøksadresse:
Julsundvegen 9

Telefon: 71 25 84 00
www.fylkesmannen.no/mr

Org.nr. 974 764 067



Kommunen har gjort ei god vurdering av stormflodfaren mot planområdet. Det er teke stilling til kva som er trygg kote for F2-tiltak i planområdet, og arealføremålet er mogleg å realisere i tråd med planen. Det er vidare foreslått planføresegner som Fylkesmannen meiner sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod og havnivåstiging. Ut frå foreslått endring av planomtale og planføresegner, vurderer vi at planen vil sikre tilstrekkeleg tryggleik for F2-tiltak, og vil kunne **trekke** denne motsegna, jf. TEK17 § 7-2.

Fylkesmannen er nøgd med dei vurderingane som er gjort i høve stormflodfaren mot planområdet i oversendingsbrevet til Fylkesmannen. I ein seinare e-post kjem kommunen med konkrete forslag til endring av planomtale og planføresegn. Fylkesmannen meiner forslaget til endring som skildra i e-posten, med vedlegg, vil sikre tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod og havnivåstiging for F1- og F2-tiltak. Vi rår likevel til ei presisering når det gjeld føresegna knytt til naust (F1). Når vi får tilsendt ein oppdatert plan, med endringane som er foreslått, vil Fylkesmannen sende eit offisielt brev der vi trekker våre motsegner.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Renate Frøyen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent